

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Bergen, 30.09.2016

Kommentarer til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Revidert versjon

Vi viser til vårt brev av 30.09.2015 med høyringsuttale til Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger og møte den 29.09.2016.

Vår konklusjon i høyringsuttalen var at innhald og tilråding i plandokumentet ikkje samsvarar med planen si målsetjing på vesentlege punkt og vi frårådde å vedta planen slik han låg føre.

Det må vera betre balanse mellom dei ulike omsyn enn det planforslaget legg opp til. Vi peika på fleire konkrete tilhøve som må rettast opp om havbruksnæringa skal kunna gje sin tilslutning til planen, mellom anna forslaget om omsynssoner som etter vårt syn må takast ut av planen.

Etter den tid har administrasjonen i fylkeskommunen og styringsgruppa for planarbeidet arbeidd vidare med planen. Ein tek sikte på ferdigstilling av arbeidet i haust med politisk vedtak i fylkestinget i desember 2016.

Sjømat Norge har saman med bedriftene i planområdet gjennomgått utkast til revidert plan og har samrøystes konkludert med at vi framleis ikkje kan tilrå at planen vert vedteken med dei forslag som ligg i plandokumentet no av fylgjande grunnar:

- Utgangspunktet for planarbeidet er feil, både næringa og fleire av kommunane sine høyringsuttaler viser dette. Planarbeidet skulle ha starta i samarbeid mellom kommunar og næringsaktørar og ikkje slik det no vert oppfatta som; eit fylkeskommunalt pålegg
- Mål og intensjon med planen er forlatt. Planen er i altfor stor grad blitt ein verneplan mot å auke aktivitet, sysselsetjing og matproduksjon i kystsona og ikkje ein plan der ein godt nok tilrettelegg for balansert næringsutvikling. Fylkesutvalet har gjennom fleire vedtak i 2012 og 2013 vore klare på at *«næringa må få tilgang*

på produksjonsareal i sjø for å kunne auke verdiskapinga», at det er «strategisk viktig at den raskt veksande havbruksnæringa får gode rammevilkår» og at «fylkeskommunen skal medverke til å utvikle næringa ...». Frå søknaden til FKD om å verte pilotfylke i januar 2013 heiter det endå til at « Vi fryktar også innføring av fleire statlege reglar og forskrifter» at med « detaljert regelstyring, går vi glipp av den regionale meirverdien.» I denne saka står ein att med eit planforslag som ikkje godt nok legg til rette for matproduksjon, arbeidsplassar og vekst i lokalsamfunna våre. Normalt er det oslomakta vi peikar på ved slike inngrep, men denne gongen kjem det frå våre eigne regionale styresmakter.

- Etter at planarbeidet vart igangsett i 2011 har fleire av rammevilkåra for næringa i planområdet endra seg. Tiltak er iverksatte og nye er under arbeid. Døme på dette er ny sonestruktur i regionen, planar om marine verneområde, nytt utsett- og brakkleggingsmønster osv.
- Eit nytt system for områdeinndeling med produksjonssoner har nettopp vore ute på høyring med svarfrist 21.09. 2016, og dersom dette vert vedteken slik det ligg føre, vil det ha stor innverknad på næringa. Det vil vera svært ugunstig å vedta rammer for kystsonoplanlegging på eit tidspunkt der dei nasjonale rammevilkåra synes vera så usikre som dei no er.
- I Kommunal- og Moderniseringsdepartementet er det under utarbeiding ein veileder for planlegging i sjø. Det må vera rett å venta på at denne veiledaren, som skal vera grunnlag for planarbeid i lang tid framover, skal verta ferdig.
- Planutkastet omtalar prosentandel av tilgjengelig areal i regionen som kan avsetjast til akvakulturføremål. Ein slik prosentsats har inga meining før det er avklart kva areal som eignar seg til akvakulturformål og ikkje. Prosentsatsen dekkar også over krav til biologisk avstand mellom produksjonsanlegga. Det burde ideellt sett føretakast ei nærare kartlegging/ bonetering av sjøareala sin egnethet til ulike føremål som grunnlag for vidare arbeid med planen. Dette vil og kunna føra til smidigare fordeling av kystsona mellom ulike interessentar og ulike føremål. I denne samanheng er det viktig å peika på at ein oppdrettslokalitet ikkje set varige spor etter seg, alle spor kan fjernast på nokre dagar om nødvendig.
- Den avgrensninga av havbruksnæringa sine vekstvilkår som ligg i planforslaget vil føra til at ein ikkje får den utviklinga i arbeidsplassar som næringa har muligheter til å skaffa no. Det kan i verste fall medføra tap av arbeidsplassar, lågare matproduksjon og svekka lokalsamfunn. Dette er ikkje gunstig for regionen og landet i ei tid der sysselsetjingssituasjonen er særleg vanskeleg i andre næringar. Leverandørindustrien til havbruksnæringa er snart like stor som næringa sjølv og tap av arbeidsplassar i primærproduksjon vil føra til lavare aktivitet i tilgrensande næringar.
- Ved oppretting av nye Havbruksfondet vart det lagt opp til at kommunar som tilrettelegg for vekst til havbruksnæringa skal få overført frå staten 90% av salgsinntektene frå dei nye løyva. Kommunar kan gå glipp av gode inntekter

dersom dei ikkje får høve til å tildela areal til næringsaktørane. Desse tapte inntektene vil svekke grunnlaget for å skape levande lokalmiljø langs kysten.

- Om planen ikkje vert ferdigstilt nå, er likevel næringa godt regulert gjennom sektorlovverk og sektormyndighet, så ein går ikkje glipp av noko om endeleg vedtak vert utsett
- Sjølv om ein regional kystsoneplan ikkje har status som juridisk bindande dokument, vil planen kunne fungere som motsegngrunnlag dersom kommunane ikkje fylgjer retingslinjene i den regionale planen ved utarbeiding av eigen kommunal kystsoneplan. Slik utkastet til plan no ligg føre vil planen kunna fråta kommunar sin reelle handlefridom i kystsoneplanarbeidet. Dette grip direkte inn i dei mange kommunale prosessane som etter planstrategiane å dømme vil pågå dei neste åra. Vi stiller difor spørsmål ved om dette er mykje av motivasjonen for å unngå ny høyringsrunde og for å ferdigstille planarbeidet ved utgangen av 2016 – i god tid før kommunane kjem i gong med sine arealdelar

Næringa innser at det kan vera gunstig med eit felles grunnlag for kystsoneplanlegging, men i føreliggjande planforslag vil ikkje kommunane ha styring med eige sjøareal lenger, og dette må endrast.

Det vidare arbeidet med planen foreslår vi vert gjennomført slik:

- Kommunane i planområdet må saman med oppdrettsaktørane som har lokalitet i kommunen gjennomgå heile sjøarealet på nytt for å finna dei mulige lokalitetane for alle typar havbruk. Først etter at ei slik kartleggjing er gjort kan ein rekna prosentsats av areala og foreta fordeling til ulike føremål.
- Omsynssonene (no arealsone landskap) må takast ut av planen. Omgrepet «arealsone» er ikkje forankra i plan- og bygningslova, og verkar meir å vera ein hybrid av arealføremål og omsynssoner. Dei juridiske verknadene av arealsone er ytterst uklære. Sidan omgrepet ikkje har rot i lovverket som planen skal vedtakast etter, er det tvilsomt om ein har høve til å vedta planen med slike soner. Omsyna desse skal ivareta er godt ivaretekne gjennom sektorlovverket
- Regional kystsoneplan og interkommunal strandsoneplan må koordinerast
- Føresegnene i planen er for lite retta mot næringsutvikling, matproduksjon, lokalsamfunn, arbeidsplassar, men har hovedfokus på vern, friluft mv. Vi meiner at den regionale planen sitt fokus på vern er større enn det regjeringa har bestilt i sine nasjonale forventningar. Med enkle grep kan ein balansere føresegnene betre, og unngå ein plan med ei uheldig slagside til ei viktig kystnæring.
- I prinsippet bør det føretakast nærare analyse av alle sjøareal for å kartleggja egnethet til dei ymse føremål før arealdisponering vert gjort

For næringa sin er det viktig med ein god kystsoneplan som balanserer omsyna til matproduksjon, sysselsetjing, lokalsamfunn og nasjonalt viktige friluft- og naturområde. Vi er uroleg for at planen skal verte underlagt ei hastig handsaming no i haust, og med det

ikkje ta opp i seg pågåande statlege prosessar med potensielt store verknader for næringa. Vi fryktar og at prosessen som no er sett i gong for å unngå ei høyring av planen vil tilsidesetje framtidige lokale planprosessar. Vi ber difor om at arbeidet no vert retta inn mot eit nærare samarbeid mellom kommunar og næringsaktørar som grunnlag for vidare arbeid med planen, og at planen deretter vert lagt ut på ny høyring.

Med helsing
Sjømat Norge havbruk Vest

Hans Inge Algrøy
regionsjef